



STORTINGET

# Representantforslag 55 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Hege Bae Nyholt, Sofie Marhaug og Geir Jørgensen

Dokument 8:55 S (2024–2025)

---

**Representantforslag frå stortingsrepresentantene  
Hege Bae Nyholt, Sofie Marhaug og Geir Jørgensen  
om ei norsk utlånsordning for undervisningsmate-  
riell**

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

Skular manglar lærebøker. Sjølv om regjeringa i revidert nasjonalbudsjett for 2024 sette av 300 mill. kroner til fleire bøker, er etterslepet framleis stort. Grunna manglande kunnskap om årlege kostnader for reparasjon, erstatning og lisensar knytt til digitale læremiddel, er det vanskeleg å avgjera kva handlingsrom som finst for ei storstilt satsing på fleire fysiske bøker innanfor dagens læremiddelramme for undervisningssektoren. Ifølgje Kunnskapsdepartementet kostar det om lag 300 kroner per bok for skuleeigar å kjøpa inn nye fysiske lærebøker. Vidare legg Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFFO) til grunn at ei lærebok har ei levetid på rundt ti år eller fram til nye læreplanar er på plass. Berre i grunnskulen var det for skuleåret 2021–2022 rundt 635 000 elevar. Det kan med andre ord vera kostbart for kommunar i ein pressa økonomisk situasjon å måtte sikra nye lærebøker til alle elevane deira.

Meld. St. 34 (2023–2024) En mer praktisk skole syner store ambisjonar for ein meir praktisk og variert undervisning i norske klasserom. Ulike oppslag i pressa har også vist korleis enkelte skular allereie har tatt i bruk nye undervisningsformer for å motivera elevane til meir

og betre læring. Dette er naudsynt, all den tid undersøkingar syner fleire negative utviklingstrekk for norske elevar. Det er ei politisk oppgåve å gi skulane dei verktøy dei treng for å løysa dette. Forslagsstillerane støttar heilhjarta opp om ei omlegging av skulen i ei meir praktisk retning, med mindre teori og stilsettning.

I Danmark har dei sidan 1975 hatt ei utlånsordning av læremiddel gjennom Center For Undervisningsmidler (CFU), og det er også CFU som har fått i oppgåve å forvalta den storstilte danske satsinga på fleire fysiske lærebøker til ei verdi av 540 mill. danske kroner. CFU er forplikta til å vedlikehalda og utvikla ei omfattande samling av alle slags læremiddel til utlån for alle danske grunnskulular og ungdomsskulular. Desse læremidla inkluderer alt frå fagbøker og skjønnlitteratur til filmar, materialar og reiskap til undervisning i alle fag. Undervisningsmidla/-pakkane blir lånt ut i heile klassesett og ein lærar kan låna desse innan eit gitt tidsrom. Det kan mellom anna vera eit undervisningsopplegg knytt til ein spesifikk historisk periode eller eit opplegg for brøklæring. Utlånet er gratis, og det er CFU som står for levering og henting av klassesetta på skulane. CFU har seks lokalitetar i Danmark.

Fordelane med ei slik ordning er at fleire elevar kan dela på det same undervisningsmaterialet, og at det såleis er ei kostnadseffektiv måte å sikra fleire fysiske bøker og andre læremiddel inn i skulen. Det gir også moglegheiter for å utvikla undervisningsopplegg som skil seg frå den tradisjonelle klasseromsundervisninga, og som kan nyttast av alle lærarar i heile landet.

Dette skal ikkje erstatta det at skular sjølv skal eige grunnbøker i dei ulike faga, men skal fungera som eit supplement for meir variert undervisning. Til dømes kan det leigast ut klassesett med artefaktar knytt til Romarriket for å gi elevane ei meir praktisk tilnærming

til undervisning om dette temaet. Andre dømer kan vera undervisningsopplegg knytt til den norske språkstriden eller norsk motstandskamp under den andre verdskriga. Poenget er å gi lærarar tilgang på ein brei katalog av supplerande undervisningsopplegg og slik sikra ein betre og meir variert skulekvardag for elevane.

## Forslag

På denne bakgrunn blir det fremja følgjande  
forslag:

Stortinget ber regjeringa setja i gang ei utgreiing av korleis ei liknande utlånsordning av undervisningsmatérial som ordninga danske CFU tilbyr, kan innførast i Noreg, med omsyn til økonomiske konsekvensar, geografiske utfordringar og lokalisering.

30. januar 2025

**Hege Bae Nyholt**

**Sofie Marhaug**

**Geir Jørgensen**